



DET KONGELIGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget  
Ekspedisjonskontoret  
Karl Johans gate 22  
0026 Oslo

Deres ref  
200600812

Vår ref  
~~200601085~~  
200601051-2

Dato  
22.3.2006

**Svar på skriftleg spørsmål nr. 609 frå representanten Ingebrigt S. Sørfohn**

Det vises til følgjande spørsmål frå stortingsrepresentanten Ingebrigt S. Sørfohn:

*" Smitta kjøt med den farlege E.coli – bakterien har gjeve fleire tilfelle av alvorleg nyresvikt hjå born. Mattilsynet leiter framleis etter smittekjelda. Dei meiner at det er stor sannsynlighet for at den kjem frå slakteri i Gilde. I følgje media vart tonnevis med kjøt som kan være smitta, aldri trekt tilbake frå marknaden. Dette skjedde i forståing med Mattilsynet. Korleis vurderer landbruk- og matministeren Mattilsynet si rolle i denne saka?"*

Det er påvist fleire alvorlege tilfelle av hemolytisk-uremisk syndrom (HUS) hos barn i Noreg som følgje av smitte frå bakterien *E. coli O:103*. Eitt barn er dødd av sjukdommen. Ut i frå epidemiologiske undersøkingar vurderte Folkehelseinstituttet den 24. februar 2006 at den mest sannsynlege smittekjelda for *E. coli O:103* var kjøttdeig frå Gilde.

Mattilsynet og Folkehelseinstituttet har halde Helse- og omsorgsministeren og meg fortløpande orientert. Mattilsynet og Folkehelseinstituttet har gitt meg denne framstilling av saka:

Fredag 24. februar 2006 varsla Folkehelseinstituttet Mattilsynet om at Gilde kjøttdeig truleg var årsak til HUS hos seks barn. Mattilsynet kontakta Gilde same dag, og ut i frå opplysningar om bustadane til dei smitta barna samt distribusjonsmønsteret til Gilde, vurderte ein at Gilde sitt anlegg nr. 103 på Rudshøgda var den mest aktuelle smittekjelda. Gilde sette umiddelbart i verk tiltak. Produkt vart enten trekte attende

eller tillate for varmebehandling hos verksemder godkjende for dette. I følgje Mattilsynet vil industriell varmebehandling i godkjende produksjonsanlegg normalt eliminere smittefare. Tiltaka som Gilde sette i verk, vart av Mattilsynet vurdert som tilstrekkelege og høvelege for å hindre ytterlegare smittespreiing, basert på dei vurderingane og den informasjon som var tilgjengeleg om aktuell smittekjelde. Saka tok ei ny vending måndag 20. mars 2006 då Folkehelseinstituttet på grunnlag av ytterlegare pasientopplysningar, som hadde kome etter kvart som fleire pasientar og pårørande har vorte intervju, endra si vurdering av kva som er den mest aktuelle smittekjelda. Mattilsynet sette då umiddelbart i verk mellom anna tiltak i forhold til Folkehelseinstituttets nye vurdering av saka. Dette førte til at Mattilsynet ikkje gjorde vedtak om å trekke tilbake ein del produkt som Gilde skulle ha trekt tilbake umiddelbart etter 24.2.

Matlova slår fast at det er verksemdene som har ansvar for at alt relevant regelverk og alle krav etter loven vert følgde. Verksemdene skal umiddelbart sette i verk tiltak for å førebyggje, redusere eller eliminere eventuelle skadeverknader ved mistanke om helseskadelege næringsmiddel m.m., inkludert stansing av omsetjing og tilbaketrekking. Verksemdene har og ei plikt til å varsle Mattilsynet.

*Mattilsynet* har ansvar for tilsyn og kontroll med verksemdene, men har òg eit ansvar for å påleggje verksemdene å trekkje tilbake, destruere m.m. dersom verksemdene ikkje i tilstrekkeleg grad gjennomfører sine plikter etter lova. *Mattilsynet* har òg ansvar for tilstrekkeleg og relevant informasjon til allmenta.

Denne ansvarsfordelinga er i tråd med prinsipp om moderne tilsynsfilosofi som er nedfelt i St. meld. nr. 17 (2002 - 2003) Om statlige tilsyn. Eit grunnleggjande prinsipp, og føresetnad for Mattilsynets virke, er omsynet til å sikre forbrukaranes liv og helse. Det går klart fram av både Ot.prp. nr. 100 (2002 - 2003) Om lov om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) og av matlova sjølv, at lovens hovudformål er å sikre at næringsmiddel er trygge. Ved interesseavveging mellom ulike omsyn, skal omsynet til helse ha avgjerande vekt.


Ved etableringa av Mattilsynet og vedtakinga av ei ny matlov var behovet for ei klar og ryddig rollefordeling mellom aktørane på matområde eit sentralt tema. Å skape ein klarare skilnad mellom fag, forvaltning og politikk var eitt av prinsippa som vart lagt til grunn. Tilsynet har høg grad av sjølvstende i tilsynsarbeidet. Det leggest vidare til grunn at departementa normalt ikkje instruerer eller grip inn i enkeltvedtak fatta av Mattilsynet i sitt ordinære tilsynsarbeid. Klagebehandling i enkeltsaker avsluttes og i all hovudsak internt i Mattilsynet. På denne måten skapast den naudsynnte tillit til tilsynets arbeid og forvaltning av regelverket.

Det parlamentariske ansvaret for Mattilsynets virke er delt mellom Helse- og omsorgsministeren, Fiskeri- og kystministeren og meg sjølv. Denne konkrete saken rører ved ansvarsområda til Helse- og omsorgsministeren og meg, men i all hovudsak tilhøyrer den konkrete saka Helse- og omsorgsministeren sitt parlamentariske ansvarsområde.

Etter matlova har Helse- og omsorgsministeren blant anna ansvaret for regelverk som regulerer omsynet til human helse etter primærproduksjon, det vil si frå og med slakting til og med at dei ferdige produkta vert omsett til endelig forbruker i butikkane. Mitt ansvar etter matlova strekk seg stort sett fram til og med primærproduksjonen. I tillegg er Landbruks- og matdepartementet administrativt ansvarleg for Mattilsynet.

Det er Mattilsynet som på fagleg grunnlag, om nødvendig etter samråd med aktuelle faglege organ, som for eksempel Folkehelseinstituttet, fattar avgjerder og vurderer nødvendige tiltak i tråd med det tilsynsansvar dei har etter matlova. Mattilsynets rolle er dermed etter mi vurdering ivaretatt slik Stortinget har føresett at den skal utøves.

Med helsing

  
Terje Riis-Johansen